



Protokoll frå

**Den sjuande ordinære Generalforsamlinga
i
Polar Interesseorganisasjon**

halde i

Akersbakken 12, Oslo

den 28. november 2009

Møtet opna klokka 14.15 av leiar Andreas-Johann Ulvestad.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkallinga vart samrøystes godkjent ved akklamasjon.

Sakslista vart samrøystes vedteken ved akklamasjon.

Sak 2 Val av ordstyrar og referent

Styret innstilte på Andreas-Johann Ulvestad og Thomas Presthust som ordstyrarar. Begge vart valde ved akklamasjon.

Styret innstilte på Siv Anette Øyum som referent, vald ved akklamasjon.

Sak 3 Val av signaturberetta til protokollen

Bjørn Gustav Baklid og Marius Davidsen valde ved akklamasjon.

Sak 4 Årsrapportar

4a)

Lars Hvitsten orienterte om Styret sitt arbeid og aktivitetar i perioden desember 2008 – november 2009

Det kom spørsmål frå Mathias Bøhn Grytemark om langsiktighet i styret sitt arbeid.

Per-Escild Hadland kommenterte at nedrigg burde vore kommentert i beretninga frå Polar Party 18.

4b)

Andreas-Johann Ulvestad orienterte om Seniorrådet sin aktivitet i perioden.

Det kom spørsmål frå Mathias Bøhn Grytemark om korleis seniorpoeng vert berekna.

4c)

Tonette Stensrud orienterte om Val- og fullmaktskomiteen sitt arbeid sidan førre Generalforsamling.

Sak 5 Presentasjon av reiknskap for 2009

Andreas-Johann Ulvestad presenterte reiknskapen for 2009.

Det kom spørsmål frå Mathias Bøhn Grytemark kring budsjetttrammene til Polar Utstyr.

Sak 6 Fastsetjing av budsjett for 2010

Andreas-Johann Ulvestad innleia til budsjettbehandlinga.

Generalforsamlinga ytra ønske om å debattere budsjettframlegget, og det var opna for debatt.

Budsjettet vart samrøystes vedteke.

Sak 7 Vedtektsendringar

To framlegg til endringar var innsendt i tide.

Vedtektsendring 1, fremma av Andreas-Johann Ulvestad

Endringa vart vedteken.

Vedtektsendring 2, fremma av Andreas-Johann Ulvestad

Endringa vart vedteken.

Sak 8 Arbeidsprogram

Andreas-Johann Ulvestad presenterte Styret si instilling til arbeidsprogram for 2010.

Det var deretter opna for debatt.

Følgjande endringsforslag vart fremma:

1 (Frå Tonette Stensrud):

Siste ledd i siste setning under *Polar Party skal videreføres (alternativ 2)* strykast.

» Framlegget fall under votering.

2 (Frå Per-Escild Hadland):

«Man skal starte arbeidet med å øke antall deltakere» endrast til «Man skal vurdere å øke antall deltakere».

» Framlegget vart trukke.

3 (Frå Marius Davidsen):

Det leggjast inn eit punkt om rekruttering og ivaretaking av nye og eksisterande medlem under *Mer sosialt!*.

» Framlegget vart samrøystes vedteke.

4 (Frå Thomas Presthus):

Polar Party skal videreføres (alternativ 1) setjast opp mot *Polar Party skal videreføres (alternativ 2)* før votering over om *Polar Party skal videreføres* skal bli verande i programmet.

» Alternativ 1 fall til fordel for alternativ 2.

» *Polar Party skal videreføres* vart tatt inn i arbeidsprogrammet med teksten frå alternativ 2.

Arbeidsprogrammet vart deretter vedteke med ovanforståande endringar.

Styret vart samrøystes innvilga redaksjonell fridom.

Sak 9 Val

Val av styre

Val- og fullmaktskomiteen innstilte til følgjande styresamansetning:

Leiar: Andreas-Johann Ulvestad

Nestleiar: Thomas Presthus

Styremedlem: Lars Hvitsten

Styremedlem: Mathias Nilsen
Styremedlem: Leif Andre Hvitsten
Styremedlem: Leif Erik Bjerkely
Styremedlem: Håkon Moskvil
Varamedlem: Siv Anette Øyum
Varamedlem: Jørgen Johansen
Varamedlem: Christer Tarasenko

Det kom framlegg om Siv Anette Øyum som styremedlem i staden for Leif Andre Hvitsten, og suksessivt mot Håkon Moskvil.

- » **Andreas-Johann Ulvestad vart samrøystes vald til leiar ved akklamasjon.**
- » **Thomas Presthus vart samrøystes vald til nestleiar ved akklamasjon.**
- » **Lars Hvitsten vart samrøystes vald til styremedlem ved akklamasjon.**
- » **Mathias Nilsen vart samrøystes vald til styremedlem ved akklamasjon.**
- » **Leif Andre Hvitsten vart vald til styremedlem i skriftleg val mot Siv Anette Øyum.**
- » **Leif Erik Bjerkely vart samrøystes vald til styremedlem ved akklamasjon.**
- » **Håkon Moskvil vart vald til styremedlem i skriftleg val mot Siv Anette Øyum.**
- » **Siv Anette Øyum vart samrøystes vald til varamedlem ved akklamasjon.**
- » **Jørgen Johansen vart samrøystes vald til varamedlem ved akklamasjon.**
- » **Christer Tarasenko vart samrøystes vald til varamedlem ved akklamasjon.**

Styret innstilte til følgjande samansetning av Val- og fullmaktskomite (VFK):

Leiar: Stian Skjelstad
Medlem: Marius Davidsen
Medlem: Anniken Nordnes

- » **Stian Skjelstad vart samrøystes vald til leiar av VFK ved akklamasjon.**
- » **Marius Davidsen vart samrøystes vald til medlem av VFK ved akklamasjon.**
- » **Anniken Nordnes vart samrøystes vald til medlem av VFK ved akklamasjon.**

Sak 10 Eventuelt

Marius Davidsen foreslo å opne dagsorden for å leggje inn følgjande sak: **10a Langtidsprogram.**

Framlegget vart tatt til votering og oppnådde det naudsynte fleirtal for å bli tatt inn.

Sak 10a Langtidsprogram

Med bakgrunn i at det ikkje forelåg noko innstilling til langtidsprogram foreslo ordstyrarbordet at det vart levert framlegg med konkrete idear og tiltak, og at styret skulle innvilgast redaksjonell fridom til å kompilere eit langtidsprogram etter dei vedtekne framlegga.

Generalforsamlinga slutta seg til dette framlegget.

Det vart opna for debatt.

Følgjande framlegg vart sendt inn:

LTP1 (Frå Tonette Stensrud):

«Kursing av crew og arrangørgruppe, f.eks. Lederkurs, ordensvaktkurs»

» **Vedteke tatt inn**

LTP2 (Frå Per-Escild Hadland):

«Tilstrebe å komme opp med nye ideer for å gjøre Polar Party enda mer attraktivt for deltakere og crew»

» **Vedteke tatt inn**

LTP3 (Frå Marius Davidsen):

«Utvikle/utvide Polar Party med intensjonen frå *Polar Party skal videreføres (alternativ 2)* frå arbeidsprogrammet.»

» **Vedteke tatt inn**

LTP4 (Frå Marius Davidsen):

«Satse på eksisterende og nye medlemmer»

» **Vedteke tatt inn**

LTP5: (Frå Bjørn Gustav Baklid):

«Jobbe med å rekruttere nye folk til crew på lang sikt, og arbeide for å holde på disse for å sikre arbeidskraft i fremtiden»

» **Trukke til fordel for LTP2**

LTP6a: (Frå Andreas-Johann Ulvestad):

Programmet gjeld for 2 år

» **Framlegget vart trukke**

LTP6b: (Frå Andreas-Johann Ulvestad):

Programmet gjeld for 3 år

» **Vedteke tatt inn**

LTP6c:

Programmet gjeld for 4 år

» **Fall til fordel for LTP6b**

LTP6d:

Programmet gjeld for 5 år

» **Framlegget vart trukke**

LTP6e:

Programmet gjeld for 10 år

» **Fall til fordel for LTP6b**

Langtidsprogrammet vart vedteke gjort om til dokument og vedteke som Langtidsprogram.

Styret vart innvilga redaksjonell fridom til å compilere programmet utifrå dei vedtekne framlegga.

MP

BG

Møtet vart heva kl. 17.30.

Oslo, 29. november 2009

Marius Davidsen

Marius Davidsen

Bjørn Gustav Baklid

Bjørn Gustav Baklid

MD

BG